



Notat

Dato: 23.05.2016
Arkivsak: 2016/412-16
Saksbehandlar: knudjuv

Til: Utval for miljø og samferdsel

Frå: Fylkesrådmannen

Svar på spørsmål om ferjeanbod

I møte i Misa 28. april 2016 stilte representanten Renate M. Klepsvik (FrP) slikt spørsmål:

"Kva er vår reelle moglegheit i utval for miljø og samferdsel til å påverke frekvens og talet på avgangar på ferjestrekka for neste anbodsperiode, som no ligg ute for konkurranse?"

Fylkesrådmannen vil innleiingsvis vise til at tilbodet som er fastsett i konkurransegrunnlaget for framtidige ferjekontraktar er forankra i vedtak fatta av fylkesutvalet. Vi syner i den samanheng til fylkesutvalsvedtaka 5/2015 om strategiske vegval og sak 5/2016 om konkurransegrunnlag for nye ferjeanbod.

Kontraktane som vil bli inngått har eigne klausular som gjev oppdragsgjevar rett til å gjere endringar i produksjonen, herunder frekvens. Slike endringar kan både vere permanente eller mellombelse. Ved gjennomføring av slike endringar må vederlaget justerast i samsvar med budsjettprisar som operatør inngir i samband med tilbodsinnlevering. Dersom det ikkje ligg føre samanliknbare prisar i kontrakten skal vederlaget justerast ut frå dei dokumenterte meirkostnader/innsparingar som endringa påfører operatør. Dette vil typisk vere tilfelle dersom endringa medfører at kviletid og skift må endrast.

Det er i dei framtidige kontraktane også klausular som gjev oppdragsgjevar rett til å avtale bruk av større eller fleire fartøy på sambanda. Dette er endringar som ikkje let seg prise på førehand og må difor også basert på meirkostnader for operatør. Meirkostnadene ved denne type endringar vil typisk vere av vesentleg storleik.

Generelt kan ein altså konkludere med at dei reelle moglegheitene for å gjennomføre endringar i stor grad vil avhenge av fylkeskommunen sitt økonomiske handlingsrom.